



Morten Nilsen (til høgre) og Tore Mathiesen har gjort ein god jobb med å forbeta informasjonen om Uskedalen

### Også Uskedalen er no på facebook!

**Som eit viktig ledd i profilering og marknadsføring av bygda tar Uskedalen Utvikling i bruk dei mest moderne hjelpemiddel. Målet er å supplera nettsida uskedalen.no og gje eit samla stikkordmessig oversyn over det som skjer i bygda. Og har ein ikkje oversynet, er det berre å stilla spørsmål og få svar frå ein av dei mange uskedelingsar som ønsker ein velkommen til sommarbygda Uskedalen, som det heiter i introduksjonen.**

Sentral i introduksjonen av bygda på Facebook er drivar av Systrene Nilsen Morten Nilsen, som allereie har opplevd kor effektiv denne moderne kanalen kan vera.

No i helga vart til dømes rundt 50 av plassane til eit arrangement selde gjennom Facebook.

- Vi håpar at folk brukar oss til å kunngjera alle slags aktivitetar, seier Morten, som ikkje minst strekar under kor viktige bilete er i marknadsføringa. Han har allereie lagt mange på facebook og håpar å få inn fleire.

Men facebook utelukkar ikkje meir tradisjonelle hjelpemiddel. Tore Mathiesen har no lagt siste hand på ein enkel, men likevel informativ brosjyre på 20 sider som feriegjestene skal få i handa når dei kjem.

Her vi ein få det meste av dei opplysningane ein treng - i alle fall i første omgang. Ikkje minst kartmaterialet vil vera til hjelp.

Det er eit viktig poeng at brosjyra i sin heilheit er produsert i bygda. AFA har stått for trykkinga.

Som ein tredje kanal har ein nytta Kvinnheradmagasinet som nyleg har kome i postkassane. Der er det også nyttig informasjon om Uskedalen og fleire reportasjar som fortel meir om oss.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen